

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - J00, FA - A20, FA - A10	14/754

Saknr	Utval	Type	Dato
089/2014	Formannskapet	PS	20.10.2014
	Kommunestyret	PS	

Tilsyn etter Forskrift om miljøretta helsevern - Matre skule

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek rapporten frå miljøretta helsevern til orientering.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Miljøretta helsevern hadde tilsyn ved Matre skule 31.03.2014. Skulen vart ikkje godkjend. Kommunestyret vart gjort kjend med vedtaket i møtet 19.05.14. Grunnen til at skulen ikkje vart godkjend er at det ikkje er tilfredsstillande luftutskifting i den eldste delen av skulen. Inneklimaet er dermed ikkje tilfredsstillande.

Fakta/Vurdering

Nytt ventilasjonsanlegg på Matre skule skulle etter økonomiplanen byggjast i 2015. Sidan pengane avsett til tilsvarande anlegg på Sandnes ikkje strakk til der, samla ein i staden dei avsette midlane til Sandnes og Matre til nytt ventilasjonsanlegg på Matre. Det er såleis montert ventilasjon i dei eldste delene av skulen sommaren 2014. Anlegget er no sett i drift. Det er dermed berre eit tidsspørsmål før Matre skule kan godkjennast.

Konklusjon

Kommunestyret tek rapporten frå miljøretta helsevern til orientering.

Formannskapet - 089/2014

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland gikk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek rapporten frå miljøretta helsevern til orientering.